



Anbjørn Høivik har vore ein av dei sentrale i arbeidet med arealstrategien i Uskedalen setrum

Dei som har jobba med arealstrategiplanen for tettstaden Uskedalen har gjort nokre justeringar undervegs, men på eit punkt har dei ikkje endra han. Dei held fast ved forslaget om å sikra dei største jordene i sentrum til landbruk. Dei går også inn for utbygging av bustader på dei same plassane. Det inneber fortetting i Skårhaug, langs Geilo og på Nausthaugen.

Vidare skal det vurderast nye bustadområde opp mot jordvern rundt Nausthaugen 1 og vest for busstoppet og bustader for eldre i sentrum og langs Geilo.